



BORE NYTT

Informasjon frå Bore skule

Nr. 1 * August 2011

Velkomen til eit nytt år



- Elevane er tilbake
 - Dei tilsette er tilbake
 - Planer er lagde...
- ...og då skulle alt vera klart til eit nytt skuleår på skulen vår.

Det er alltid spennande å starte på nytt. Nokre av elevane kjem til skulen vår for første gong, men mange kjem tilbake etter ein god ferie. Vi ønskjer alle velkomen til det vi håper skal bli eit godt arbeidsår for små og store.

* * *

I dette nummer av Bore Nytt finn du mykje aktuell informasjon for det nye skuleåret. Det kan vera greitt å ta vare på dette som oppslag heime, men du finn og det meste på våre heimesider.

Du kan mellom anna lesa meir om kven som er tilsett på skulen, FAU, bestilling av mjølk, plan for skuleåret ☺



22. juli 2011

Vi har denne gongen hatt ein ferie som fekk ein brå slutt i og med terrorhandlinga denne dagen. Eg går ut frå at alle fekk eit brot i ferien uavhengig av om ferien var ferdig eller ikkje.

Det er ei utruleg hending som slo ned blant oss og som vil vera med å prega minna frå denne sommaren. Det er noko som rammer alle og derfor fyller tanker og sinn både hos store og små.

Det positive i denne grufulle hendinga er det sam- hald og den empati vi har sett rundt i heile vårt land.

Ved skulestart vil vi snakka om dette saman med elevane. Vi vil ha ei markering i kvar klasse i løpet av første skuledagen. Så får vi følgja opp dette i den grad det er behov for det.

Vi som er med i arbeidet med borna må gje dei gode og positive haldningar og eit godt læringsmiljø slik at vi kan seia som vår stats- minister: "Aldri meir 22. juli".

Og eit positivt læringsmiljø ønskjer vi sjølv sagt å ha på skulen vår. Det gir og visjonen vår uttrykk for:

Bore skule skal vera ein plass for læring og trivsel, der alle skal møta og visa respekt – ansvar – omsorg.

* * *

BORE-NYTT er skulen sitt informasjonsblad som vi gir ut nokre gonger kvart år. Vi prøver å samla all informasjon til heimane i dette bladet slik at vi slepp å senda heim for mange lappar i ranselen.

Sjå elles informasjon på skulen si heimeside: www.minskole.no/bore

BORE SKULE har ein administrasjon som består av


rektor Reidar Harberg Reidar.harberg@klepp.kommune.no

ass. rektor Sigurd Rasmussen Sigurd.rasmussen@klepp.kommune.no

sekretær Reidun Håland bore.skule@klepp.kommune.no

SFO-leiar Kathrine Høyland boresfo@online.no

TELEFON kontoret: 51 78 97 20 SFO: 51 78 97 27/415 16 803 fax: 51 78 97 21



FAU informerer:

Foreldrerådet



På denne sida vil du som regel finna informasjon om og frå foreldrerådet.

Alle foreldre med barn i skulen er automatisk med i foreldrerådet. Foreldrerådet skal kvar vår på sitt årsmøte velja eit arbeidsutval (FAU) som står for den aktiviteten som foreldrerådet har i eit skuleår.

For komande år er desse vald:

Inger Sanne	Hanne Anda	Gunnar Schanke
Leif Aandal	Jan Mortensen	Sissel Helen Thomassen

FAU er ein samarbeidspart for skulen i arbeidet for at borna skal få eit godt skulemiljø. Det er opp til FAU kva dei vil engasjera seg for i skulemiljøet. Dei er svært mottagelege for innspel frå foreldra!

I tillegg til dei felles foreldremøta dei arrangerer, har FAU arrangement som styrker miljøet og som kan gje inntekt til beste for borna.

Kvar haust startar vi med foreldremøte:

Tysdag 6. september blir det felles foreldremøte for 1. – 4. trinn i gymnastikksalen kl.18.30. Etterpå blir det foreldremøte for kvart trinn (dersom ikkje foreldre til enkeltgrupper får anna melding).

Torsdag 15. september blir det tilsvarende møte for 5. – 7. trinn.

Hovudinnslaget på det felles foreldremøte blir LØFT som står for løsningsfokusert tilnærming. Anne Marie Joa vil snakke litt grunnleggande om Løft samt korleis vi vaksne kan bruke Løft i samhandling med barn og unge.

* * *




Foreldrekontaktane

vil bli kalla inn til eit felles møte med FAU i forkant av desse foreldremøta.

Vi ber om at foreldrekontaktane set av **onsdag 24. august.**

Første delen av dette møtet blir orientering frå rektor og FAU. Andre delen er eit arbeidsmøte der kontaktlærarane og foreldrekontaktane saman legg opp programmet for skuleåret.



Til nye elevar/foreldre

Som de har forstått, så er dette skulen sitt informasjonsblad der vi prøver å gje det meste av vår informasjon. I tillegg vil kontaktlærarane gje sin informasjon på foreldremøte og på anna vis.

Det vil alltid vera mykje nytt å setja seg inn i når ein elev tek til på skulen for første gong – eller flyttar til ny skule. Ordensreglane våre er eigentleg enkle: ***Du skal visa respekt, ansvar og omsorg.***


Eit av punkta i våre rutinar nemner vi spesielt her. Det er at det skal **ikkje brukast utesko i undervisningsromma**. Derfor må borna ta av seg sko og skifta til innesko. Dersom dei ikkje har teke med innesko, går dei på sokkane inne. Det er derfor lurt at dei får med seg innesko **merka** med namn.



* * *

KLÆR

Ein annan ting vi minner om ved skulestart er at foreldra tek ein merkeaksjon på klær. På skulen har vi no rutinar for at det i slutten av kvar veke blir sjekka at det er tomt i garderoben når dei går heim.



Dersom vi kvar veke kan halda korridorane tomme for klær, håper vi at det ikkje blir så mykje som ligg att når året er omme.

FORELDRA må delta i dette ved å

- skriva namn i klær og sko
- etterlysa/sjå på skulen etter sakna klær
- halda kontroll på at gym.tøy/badetøy kjem heim etter bruk.


FRITAK RLE-FAGET

Vi nemner og at det i skulen er rett til å be om fritak for deler av RLE-faget (Religion-Livssyn-Etikk). Dersom dette er aktuelt, ber vi om at foreldre tek kontakt med skulen og fyller ut skriftleg melding om dette.

* * *

PERSONALET

Lærarar og elevar er organiserte i tre team:
(her er teke med kontaktlærarane for kvar gruppe)




TEAM A		ROM i "Sør-i-garden"
1. årstrinn	Gr. A Aud Lye Gr. B Ragnhild Solheim Gr. C Randi Kjøllesdal/Tommy Reite	handarb.rom rom 1 rom 2
2. årstrinn	Gr. A Lene Bore/Siw Iren Westbye Gr. B Anita K. Klungland Gr. C Anne Beth T. Høines	rom 4 rom 7 rom 6
3. årstrinn	Gr. A Ann Iren Amundsen Gr. B Hilde Malmin Kimo Gr. C Lene Hauge Klepp/Lena Seldal	rom 9 rom 3 rom 8
TEAM B		ROM i hovudbygget
4. årstrinn	Gr. A Tone A. Skår/Siri U. Bjørsvik Gr. B Tone N. Brekke/Grethe Braut Kleppe	rom 13-14 rom 15
5. årstrinn	Gr. A Siv Knudsen/Stine L. Knoph Gr. B Eldbjørg H. Rasdal/Sigrid G. Gjesteland	rom 11-12 rom 10
TEAM C		ROM i "Nord-i-garden"
6. årstrinn	Gr. A Magne Gjesteland Gr. B Gerd-Karin Rosland Gr. C Vibeke Sola/Bodil Haukland	rom 20 rom 19 rom 21
7. årstrinn	Gr. A Torill Aarsland/Kjersti Løvoll Gr. B Crispen de Lange/Tore C. Helliesen	rom 16-17 rom 18

* * *

NYTILSETTTE

- Ragnhild Solheim og Tommy Reite på 1. trinn
- Tone N. Brekke på 4. trinn
- Linda Høyland på 5. trinn (og symjelærer)
- Astrid Fisketjøn på 6. trinn
- Kjersti Løvoll på 7. trinn
- May-Jane Andersen, assistent 1. trinn
- Anne Sissel Berland, assistent SFO

I tillegg treng vi ein assistent for Edel Njærheim som har sagt opp si stilling.



PALS – Bore skule

Positiv atferdsstøtte i skolen
atferdssenteret

Vi har informert foreldra om Pals tidlegare, men tek likevel med litt om det her no ved skulestart.

Vi har hatt Pals som eit prosjekt over fleire år, men er no ein Pals-skule der Palsprogrammet er ein del av vårt opplegg og våre rutinar.


Dette betyr at vi har

- **Palsreglar** som fortel korleis vi kan visa respekt, ansvar og omsorg på dei ulike arenaer på skulen
- **Brakort** som vi deler ut til elevar som viser positiv oppførsel og tydeleg viser respekt, ansvar og omsorg.
- **Konsekvenser** når dei bryt reglane på skulen.
- **Hendingsrapport** når vi gir konsekvens. Desse blir registrerte i vårt datasystem for å gje oss informasjon om kva som skjer på skulen.

Etter at elevane er komne i gang på skulen, har vi ei spesiell veke der vi repeterer reglar og får gitt elevane ein god og positiv start. Andre veka på skulen (frå 29. august) vil derfor vera ei Palsveke der vi organiserer stasjonar med regelinnlæring og ulike aktivitetar.

Dei nye elevane må læra reglane frå starten - dei andre elevane får dette som ein repetisjon.

Palsprogrammet har fokus på positiv vinkling i forhold til reglar og oppførsel. Derfor vil vi og at starten av skuleåret skal vera ei positiv oppleving.




SAMLING I BALLBINGEN

Vi har og kvart år teke sjansen på å ha ei samling ute i ballbingen. Der har vi ein fin samlingsplass der det er plass til alle på ein gong.

Fredag 2. september blir det samling der vi vil ha song og felles framføring som ei avslutning på veka.

Foreldre er sjølvstilt velkomne til å sjå på denne samlinga som starter kl.10.00.

REGLANE for skulen vår er litt spesielle fordi vi i samband med Pals har reglar for kvart område på skulen. Likevel er det nokre hovudreglar som går att og som vi allereie hadde før vi starta med Pals. Då hadde vi ein regel for kvar fing på handa:



HANDA

- vi skal ha arbeidsro i all undervisning
- alle skal ha fint språkbruk
- vi oppfører oss fint og øydelegg ikkje for andre
- vi skal visa respekt for kvarandre
- vi vil at alle skal visa omsorg for kvarandre og hjelpa kvarandre

I Palsprogrammet har vi ansvar, omsorg og respekt som hovudpunkt i reglane. Så blir dette utdjupa i reglane for kvart område. Her er til dømes "ansvarsreglane" for uteområdet:

ANSVAR på uteområdet betyr:

- **rydd etter deg**
- **høyr etter og følg beskjeder**



- **hald deg på skulen sitt område**
- **ta vare på uteområdet**
- **syklar skal stå i ro på tilvist plass**
- **la dei som har undervisning vera i fred**
- **bruk leikene slik det er meint**
- **gå raskt inn når friminuttet er over**

* * *

PLAN FOR UTVIKLINGSARBEID 2011/2012

Som nemnd har vi tre område dette året:

1 LÆRINGSMILJØET - PALS

- Mål:
- betra læringsmiljø
 - gje elevane sosial læring
 - førebyggje åtferdsproblem

- Tiltak:
- implementert i vanleg undervisning
 - ei "Palsveke" ved skulestart

Ansvar: Plangruppa og den enkelte tilsette



2 LESEOPPLÆRING

Mål: - at elevane skal få betre leseugleik og dermed betre fagleg utbytte
- at leseopplæring skal vera i fokus på alle trinn og i alle fag.

Tiltak: - personalet skal følgja opp strategiar og leseopplegg
- leseplan for skulen/kommunen skal innførast/følgjast opp
- Leselos

Ansvar: Leselærer, rektor og plangruppa



3 VURDERING FOR LÆRING

Mål: - at elevane skal få betre rettleiing i si læringsutvikling
- tydeleg målsetting i undervisninga
- utarbeida kriterier i fag (første fag blir norsk)
- at elevane sjølv skal delta i vurderinga

Ansvar: Plangruppa/den enkelte lærar

* * *

Elevane tok sjansen...

Ta sjansen har vi kvart år som ei avslutning av skuleåret. Dei elevane som vil delta øver på innslag og har semi-finale på førehand. Så er den store finalen nest siste skuledag.



Dette året var samlinga på ungdomsskulen. Vi var imponerte over den bredden som blei vist i framføringane. Der var piano, trommer og fiolin, dans, turn og solosang. Ei flott samling med mange flotte prestasjonar.




Hei verden

Temaveka vår hadde vi i slutten av mai. Denne veka samler vi og inn penger til prosjekt – denne gongen i Zambia. Resultat frå innsamlinga blei 42.000,-. Vi takker alle som deltok med det flotte resultatet.

I tillegg fann 7 a ut at dei ville samla inn penger 17. mai når dei gjekk i toget. Dei valde å samla inn penger til Kreftforeninga og fekk inn kr. 654,-. Eit fint tiltak!

SMITTEHINDRING

Kvart år vil vi sjølvstøtt oppleve i skulen at barn blir sjuke og at det kan koma smittsame sjukdommar blant borna.



Dei tre tinga vi spesielt nemner er


- Brennkoppar
- Augekatarr
- Lus

Desse må behandlast på rett vis før elevane kjem på skulen og er i kontakt med andre elevar.

No er det og aktuelt å visa spesiell omsyn ved **influensa**. Dersom elevar får influensa, skal dei haldast heime minimum sju dagar.

Spør helsesøster dersom du lurar på noko.

GRATIS SKULE



Barn som går i norsk skule skal ikkje måtte betala for det som skjer i skuletida. Det har også vår skule teke konsekvensen av. Før kunne det henda at det blei teke inn "eigenandel" på bussturar og liknande. Dette skjer ikkje lenger.

Det betyr at alle turar, ekskursjonar, konsertar og liknande er gratis. Det blir ikkje arrangert leirskule på barnetrinnet, men på 6. årstrinn skal det vera ein overnattingstur for elevane.

* * *

LEKSEHJELP

Vi held fram med den nye leksehjelpsordninga. Dei som har meldt seg på dette (1. – 4. trinn) møter opp til leksehjelp tysdag kl.12.00 og torsdag kl.13.00.



Der vil det vera vaksne til stades å ta mot dei og hjelpa den enkelte så langt dei rekk. Dei kan vera der maks. ein time, men kan og gå etter kvart som dei er ferdige.

* * *



ÅRSPLAN

Her er ein årsplan som gir oversikt over ein del arrangement og fridagar:

- AUGUST**
- Torsdag 18.- Skulestart kl. 08.25
 - Måndag 29.- Pals-veke med elevane
 - Onsdag 24.- Samling for foreldrekontaktar/FAU
- SEPTEMBER**
- Fredag 2. - Samling i ballbingen
 - Tysdag 6. - Foreldremøte 1.- 4. trinn (komb. m/FAUmøte)
 - Torsdag 15.- Foreldremøte 5.- 7. trinn (komb. m/FAUmøte)
 - Fredag 30.- DKS: "Musikkmat" 1. – 7. trinn
- OKTOBER**
- 10. - 14. - Haustferie for elevane
 - Onsdag 19.- Samling i gym.sal - tema: Haust
- NOVEMBER**
- Fredag 18.- Planleggingsdag
- DESEMBER**
- Torsdag 8. - Songar i advent
 - måndag 19.- Julemusikal
 - Onsdag 21.- Juletregang i gymsalen
- JANUAR**
- Tysdag 3. - Skulestart
 - onsdag 11.- DKS: "Narum" 1. – 7. trinn
- FEBRUAR**
- 13. – 17. - Lese- og skriveveke
 - 20. – 24. - Vinterferie
 - 27. – 28. - DKS: Film "Sinna mann" 1. – 4. trinn
- MARS**
- 1. og 5 – 6. - DKS: Film "Sinna mann" 1. – 4. trinn
 - - 1. trinn har DKS-opplegg om Fuglar
 - - 4. trinn har Mexico Lexico
 - måndag 19.- Planleggingsdag
 - torsdag 29.- Påskegudsteneste
- APRIL**
- 2. – 10. - Påskeferie
 - 26. – 27. - DKS. Videokunst 5. – 7. trinn
 - måndag 30.- Fri
- MAI**
- tysdag 1. - Fri
 - onsdag 2. - DKS: Videokunst 5. -7. trinn
 - onsdag 16.- Besøksdag 5-åringane
 - 17. - 18. - Fri
 - 21. – 25. - Temaveke Hei Verden
 - Måndag 28.- Fri (pinse)
- JUNI**
- Onsdag 20.- Avslutningsfest for 7. trinn
 - Torsdag 21.- "Ta sjansen"- elevråd ansvarleg
 - Fredag 22.- Siste skuledag
- * * *

MJØLK/FRUKT

Vi har på skulen lagt vekt på at borna skal ha eit skikkeleg måltid i skuledagen. Alle skal delta (ingen får springa ut) og vi ønskjer at alle har med mat.



Vi har no lang tradisjon for å tilby mjølk på skulen. I tillegg har vi i fleire år gitt tilbod om frukt til dei som ønskjer det.

Det er sjølvsagt ei frivillig sak om borna vil bestilla dette, men vi synes det er ei grei ordning at dei slepp å ta med drikke heimanfrå. Då unngår vi søl i ranselen og dei får god mjølk til maten.

Vi ber no foreldra gjera si bestilling sjølv. Det gjer de ved å gå inn på nettet på adressa: www.skolemelk.no. På forsida der finn du hjelp til korleis du skal gå fram. Dersom du har problem med internett, kan du ta kontakt med skulen og få hjelp til påmelding. Du kan bestille lett eller ekstra lett mjølk og dette koster kr. 4,08/4,12 pr. kartong.

Bestilling av frukt skjer og direkte til leverandøren. Då går du inn på www.skolefrukt.no og gjer di bestilling der. Prisen er kr. 2,50 pr. dag med frukt og eleven får då den frukten skulen har fått tilsendt kvar dag.

Det ligg lenker til dette på vår heimeside.

* * *

KORPS

Når skulen startar opp att etter ferien, startar og lag og organisasjonar sine aktivitetar. Det er mange slike tilbod i Bore for ulike aldrar.


Her vil vi spesielt nemna korpset som er knytt til skulen:

- **Skulekorpset** har heldigvis ein del medlemmer som er trufaste. Men dei er svært interesserte i nye aspirantar.

Dei tek mot nye aspirantar frå 4. trinn og oppover no ved skulestart.



Viktige notater



Hugs at borna alltid skal ha med:

- * BLYANT og VISK er viktige reiskap som alltid må ligga klare i ranselen.
- * MELDINGSBOK skal dei alltid ha med slik at både skule og heim kan gje meldingar i den.
- * LÆREBØKENE
Dersom dei har lærebøker med heim, må dei hugsa å ta dei med att den dagen dei skal ha dei på skulen.

NB: Det er viktig å leggja varebind på bøkene!


- * UTSTYR som vi ønskjer at den enkelte kan ha sjølv:
 - saks
 - limstift
 - fargar til bruk heime

GYMN.TØY/BADETØY

Bruk av gymnastikksalen vil ofte skje allereie frå 1. årstrinn. Lærarane vil senda melding heim når dei skal ha gymnastikk og at dei då skal ta med eige tøy til bruk i gymnastikksalen.

Frå 2. – 6. årstrinn har alle borna symjeopplæring i bassenget på Bore ungdomsskule. I den perioden dei har symjing, er det viktig at dei tek med seg det rette utstyret: badetøy, badehette, såpe og handkle.

Dei kan ikkje delta i symjing utan rett utstyr!



* * *



DAGSRYTMEN på skulen blir endra litt for å få gode friminutt og samstundes få plass til alle aktivitetar.

Måndag kl. 08.25 – 14.15
Tysdag kl. 08.25 – 12.00
Onsdag kl. 08.25 – 14.15
Torsdag kl. 08.25 – 13.00
Fredag kl. 08.25 – 11.10

NB: Start kvar dag kl.08.25

kl. 14.15 for dei store

NB: Hugs å merka klær som borna bruker, slik at dei finn det att når dei gløymer det på skulen!